

OM KOMMUNESAMANSLÅING NYHEITSBREV



Nye Voss 2020

Oktober, 2017

VOSS HERAD

Me skal med dette nyheitsbrevet forsøkje å halde dei tilsette og innbyggjarar i Granvin oppdatert om kva som skjer i samband med kommunesamanslåinga med Voss.

Dette nyheitsbrev vil koma med ujamne mellomrom, når det er noko å informera om.

VEDTAK I STORTINGET OG FELLESNEMNDA

I juni 2017 vedtok Stortinget kommunestrukturen i Noreg, og 30. august blei det halde felles kommunestyremøte mellom Voss og Granvin. Dette markerte starten på det formelle samanslåingsarbeidet.

No er me i gong!

Det er fellesnemnda som skal leia arbeidet. Fellesnemnda er kommunestyret for den nye kommunen, fram til nytt kommunestyre blir vald hausten 2019. Det sit 3 politikarar frå Granvin og 5 politikarar frå Voss i nemnda. Det er etablert eit partssamansett utval. Her sit det 3 politikarar frå begge kommunane i tillegg til 2 tillitsvalde.

Dei tre politikarane som representere Granvin er Ingebjørg Winjum, Hans Jakob Mæland og Annlaug H. Såkvitne.

PROSJEKLEIAR

Fellesnemnda har bestemt at det skal lysast etter ein prosjektleiar som skal bli rådmann i den nye kommunen. Denne lysinga kjem no i haust med håp om tilsetting i løpet av vinteren/våren 2018.

KVA BETYR DETTE FOR DEG OG MEG?

For dei alle fleste innbyggjarane og tilsette i Granvin vil samanslåinga bety lite i kvardagen. Skulen, barnehagen, sjukeheimen, heimetenestene vil bestå slik det er i dag og dei tilsette vil behalda arbeidsplassen sin. Noko av sjølvråderetten mistar me nok, men på den andre sida får me eit større fagleg fellesskap og me får tilgang til spesialkompetanse og spesialtenester på mange området som me ikkje har i dag.

Intensjonsavtala seier at administrasjonen skal vere på Voss. Det betyr at heradshuset blir lagt ned, og at dei som har kontor der blir flytta til Voss. Her vil det bli endringar for innbyggjarane og for ein del tilsette. For dei tilsette er det viktige er at prosessen med overflytting og innsplasing i nye stillingar blir god, og det skal utarbeidast ein avtale med fagforeiningane som sikrar dette.

“For dei flest innbyggjarane i Granvin vil samanslåinga bety lite i kvardagen.”

ARBEIDSGRUPPENE

Det praktiske arbeidet med samanslåinga er organisert i 7 arbeidsgrupper. Det er gruppe for IT/Arkiv, Helse- og omsorg, Kultur, Oppvekst, Teknisk, Økonomi og Personal. 5 av gruppene er leia av kommunalsjefar frå Voss, medan Kultur blir leia av Olav Seim, og Personal av Solveig Reinsli frå Granvin.

Alle gruppene har utarbeida eit mandat dei skal jobbe etter. Nokon er organisert med undergrupper, medan andre berre har ei hovudgruppe. Det skal vere minst ein tillitsvald i kvar gruppe.

Gruppene skal kartleggja tenestene i begge kommunane og koma med innspel på korleis Nye Voss bør organisera seg. Det kan godt vere at både tilsette og innbyggjarar blir invitert til å gje innspel i løpet av prosessen.

VIL DU FYLGJE MED, ELLER HAR DU NOKO DU VILLE SAGT?

Vi er interessert i å høyre på deg om du har innspel eller kommentarar. Bruk gjerne dei kommunale organa som finst, eller send e-post til ordføraren!

Det vil bli halde informasjonsmøte og samtalemøte om kommunesamanslåinga når me har kome litt lenger i prosessen. Fram til no har me berre laga prosjektorganisasjonen og lite praktisk arbeid er gjort. Derfor har det også vore lite å informera om. Det er oppretta ei heimeside <http://vossherad.no/nyevoss/> og ei facebookside Nye Voss. Her vil alt av dokument bli lagt ut.

“Ta gjerne kontakt med ordføraren for innspel og kommentarar.”

Med helsing

Ingebjørg Winjum

Ordførar

Ingebjorg.winjum@granvin.kommune.no

Kontakt oss:
Rådmann Trude Letnes

41679533
Trude.letnes@granvin.kommune.no
www.granvin.kommune.no